Hjortejakt vald nr. 4631v0016 Nordangervågen

c/o Martin Soltveit

Øvre Soltveit 16

5939 Sletta

Soltveit, 09.03.21

Alver kommunestyre

Kvernhusmyrane 25

5914 Isdalstø

Hjorteviltforvalting og særskilt areal sona for vald nr. 4631v0016 Nordangervågen

Gode politikarar!

Me viser til tidlegare innsende dokument i saka. Me bed på det sterkaste, om at politikarane tek ansvar med å få løysa problem som me har for næringsdrifta på våre private eigedomar. Dei av Dykk som ikkje har eit hardnakka sosialistisk syn på samfunn, eigedom, næringsdrift, familie og menneske, forutset me at har evne til å setja seg inn i og ta ansvar for å setja inn tiltak som er mon i til å få løysa dette. Det er politikarane sitt ansvar og ikkje rådmannen og resten av administrasjonen. Me held vårt syn på drifta og situasjonen på våre areal, slik som det går fram av tidlegare skriv og vedlegg, som like god som noko som administrasjonen i Knarvik kan gje utgreiing over. Då veit me også kva slags tiltak som på til på våre eigedomar for å få situasjonen ordna, innanfor ein overkommeleg tidshorisont. Me godtek ikkje noko anna tiltak enn det som me føreslår i brev av 19.10.20. Politikarane må påleggja administrasjonen å innhenta naudsynte dispensasjonar og tillating for prøveordningar, så me kjem i gong frå komande haust. Det er på høg tid å snu utviklinga, det er trass alt eit etterslep frå dei 5 siste åra av Radøy kommune.

I Nordangerkrinsen er det 7 bønder som driv med mjølkekyr, 5 som driv med anna storfe, ein av desse har sau attåt, 2 som berre driv med berre sau, ein som driv med fordyrking for sal. I tillegg, vert arealet på 4 av bruka på Mjøs gnr. 416 nytta av Hedra Samdrift på Hella og Sletta Samdrift på Ystebø. Som nemnd i skriv av 15.05.20, er det bygging av 3 nye fjøs no desse 2 åra. For oss andre er og optimal agronomisk produksjon av grovfôr avgjerande for resultatet av drifta. Me har lyst å nemna at i haust, tok me ein rask kveldstur me bil, der me såg over heile eng arealet på bnr.5 og delar av bnr. 1,3, 6, 7 og 8. på Straume gnr. 493. Då talde me 115 hjort. Det er i den årstida som kulturgraset treng ro for å gå i kvila for vinteren. Det er særs uheldig, viser til skriv av 15.05.20.

Me tek med utrekning for eit av utbyggjingsbruka for kostnadar av tap i avling. Dersom me andre som driv med fordyrking til storfe taper i snitt kr. 50000.- kvar, så vert det over 800000.- til saman. Det er på botnlina som skal danna grunnlag for investeringar, betaling av finanskostnadar, familiens arbeidsfortenesta ,skatt og trygdeavgift. Då ser me for viktig det er å få tiltaka snarast mogeleg. Med eit etterslep på fleire år i Radøy, så treng me ikkje 5 til 8 år i Alver før situasjonen er under kontroll.

Dette er ei sak som gjeld eit avgrensa geografisk område, som er privat eigd. Og det er tiltak som ikkje kostar kommunen pengar. Vonar saka vert teke til følgje og tiltaka som me føreslår, vert sett i verk. Me bed om at saka kjem opp på fyrste mogelege kommunestyremøte, at alle politikarane får alle dokument i saka og set seg grundig inn i desse. Me ynsker om mogeleg å få komma på møtet.